

Bygdeblad

Nr 4—09

Bygdesentralen/Frivillighetsentralen



Tlf. 35024868 Faks: 35024825
bygdesentralen@hjartdalsbygda.no
www.hjartdalsbygda.no



Innhald:

Pensjonistlaget

Misjonshuset

Sentralen

Møte/arrangement

Skogheim

Frå Seljord

Turgruppa

Hjartdalspelet

Kulturlandskapsenteret

Nordbø pensjonat

Seljordspelet

Dugnad

Hjem fra stevnemøte.!

Dansende sko

Det er mailys natt

Bekkene ler i

Lysegrønn kratt

og et fivreld flagrer.

Pensjonistlaget!

Medlemsmøte 12 mai kl.11,00 på Betel

Besøk frå Nav. denne dagen

Medlemsmøte 16 juni kl. 11,00 på Betel

HJARTDAL MISJONSHUS

Tysdag 05.mai kl.19.30: Møte

Tysdag 19.mai kl.19.30: Møte

Fellesmøte frå 06.til 10.mai på Betel.

Talar: songar og evangelist Sverre Larsson

Normisjonens venner

Måndag 04.mai. kl.19.30 hos Gunlaug Lofthus

Frivillighetsentralen!

**Dagleg leiar er på nettverksamling måndag 4.,
tysdag 5. og onsdag 6. mai.**

Aktuelle nettstader i bygda!

www.hjartdalsbygda.no

www.slaattefestivalen.no

www.kulturlandskapssenteret.no

www.telegardar.no

Send inn aktuelt stoff til sidene.

NYE EIGARAR PÅ SKOGHEIM

I slutten av mars flytta dei nye eigarane inn på Skogheim, og Bygdebladet har teke ein prat med dei.

Familien tel tre personar:

[REDACTED]

Når det gjeld drifta av Skogheim, er dei enno i ”tenkjeboksen”.

Hyttene vil bli leigd ut som før, og dei vurderar å halde kiosken open i høgsesongen, og i nokre helger og høgtider gjennom året.

Me ynskjer den vesle familien hjarteleg velkomen, og håpar dei vil trivast godt i bygda vår!

F.O.



Kaféen åpner for sommersesongen fra 3. mai!
Alle er velkommen igjen for en kopp kaffe med kake, lunsj eller middag.

Åpningstider sommer 2009:
ons-sun kl. 10.30-19.00
og på bestilling.

Er tida viktig, avtal tidspunkt for serveringa.

17. mai serverer vi koldtbord fra kl. 15,00 til kl 19,00

Helsing,
Patrick og Marieke
Nordbø Pensjonat
Mob. 98081784
Tlf. 35607046
www.nordbopensjonat.com

Turgruppa i H.I.L.

Familieturar!

24 mai: Tur til Fyribø-vatnet, ca. 1 times gange.

Meir info i bygdebladet i april.

16 august: Tur til Rennavassnuten eller

Brille-tjønnane, ca. 2 timars gange.

Har de spørsmål om turane, ring 35024868.

Hjartdalspelet!

Styret i Hjartdalspelet ynskjer å gje kr 5000,- til Bergtun og 5000,- til Hjartdal musikk-korps av overskotet på spelet.

Kino i Seljord!

Sundag 10/5 kl. 18,00 Hannah Montana; The Movie...



På plakaten:

* **Generalforsamling** på Su-Hovland 11. mai kl. 19.30

* **Sogelandsarrangement** 24. mai kl. 13.00

Del I: Kulturlandskapsvandring, Hjartdal i segn og soge.

Del II: Gåtur Bøllås-Blika med bussfrakt til Bøllås og attende frå Blika.

* **Murarkurs (steingardar)** 28.-30. mai.

NB: Berre 10 plassar. Påmelding innan 15. mai.

* **Seterseminar** 12. juni.

Påmelding innan 15. mai.

* **Grunnskuleopplegg** om kulturlandskap m. ljåslåttkurs og utstilling under Slåttefestivalen. Elevar frå Åmotsdal, Flatdal, Svartdal, Hjartdal, Sauland og Tuddal.

Sjå nettsidene våre for meir informasjon om aktivitetar og tenester:

www.kulturlandskapsenteret.no

Mvh.

Ingvill Marit Buen Garnås

Tlf.: 35024067 / 99258391

20 % stilling til august pga. foreldreperm.

Invitasjon til informasjonsmøte om Seljordspelet og Dyrskuteatret 2009
tysdag 28. april kl 19.00 i gamlesalen på Granvin i Seljord.

Stiftinga Seljordspelet skal i år produsere to spel – det tradisjonelle **Seljordspelet**, som i år blir det nyskrivne **”Spelet om Olav Mannslagar”** som er blodig og dramatisk, og **Dyrskuteatret**, som er ei nyskaping der me tek for oss Dyrsku’n i ulike tidsperiodar. Dyrskuteatret 2009 handlar om 60-talet, altså ganske nær fortid – og me skapar Dyrsku’n anno 1965 med alt som rørte seg både på Dyrsku’n og i samfunnet på den tida – ein folkekomedie med innlagt road-movie!

Til båe desse spela treng med aktørar og statistar på scena, og hjelparar ”bak” scena – alt frå vakter til snekkarar og syrar, og hjelp til å finne fram ting med treng – som ymse reiskap og anna rekvisita. Til Dyrskuteatret treng me òg tidsriktige bilar og folk som har produkt dei vil selja på Dyrsku’n anno 1965.

Seljordspelet gjeng av stabelen 7. – 9. august, med øvingar 14 dagar før.

Dyrskuteatret blir sjølvsgagt under Dyrsku’n 11. – 13. september, med øvingar helga og veka før. Så er du glad i å spela teater, gjøgle, synge eller danse og/eller synst det er moro å vera med og få ting til – så bli med då vell!

Informasjonsmøtet er sjølvsgagt uforpliktande, men det blir høve til å melde seg på som statist og/eller hjelpar.

Både regissør og produsent for båe spela vil vera tilstades på møtet og fortelja meir!

Venleg helsing Hæge Manheim

Kunstnarleg leiar for Stiftinga Seljordspelet

**Denne informasjon kjem litt seint, men er du interessert, kontakt
Hæge Manheim tlf 90949226**

01. mai kl. 12.00 ord. 1. mai-feiring. Start med "brunch". Apell v/ Lita Sandsdalen, Tale for dagen ved Jone Blikra og underholdning av Sara Fjågesund.

05. mai kl. 19.30 kjem Riksteatret med forestillinga - Min forestilling om mor.

Min forestilling om mor



Min forestilling om mor (Foto: Jørn Grønlund)

Dette er Bente Børsum si gripande forestilling om mora, Lise Børsum, som var fange i ein tysk konsentrasjonsleir. Då krigen var slutt, greidde ho ikkje å vende attende til livet som legefru. Ho reiste frå familien. Og Bente.

Forestillinga har fått ståande applaus og fantastiske kritikkar sidan premieren hausten 2006. På oppfordring sender Riksteatret forestillinga ut på ein ny turné.

Lise Børsum flytta inn i ei lita leilegheit og overlét ansvaret for borna til faren. Ho skreiv boka «Fange i Ravensbrück», og brukte mesteparten av livet sitt til kamp mot urettferd og vald.

– Ho følte det var best at borna vart i huset hjå far, at ho ikkje hadde noko å tilby oss, men me var ofte hjå henne. Mor var min fristad då eg var barn og ungdom. Ho var klok, ukonvensjonell og tvers igjennom ærleg i all sin ferd. På sine eldre dagar sa mor ofte at ho angra på at ho forlét oss, seier Bente Børsum.

Medverkande: Bente Børsum.

På fiolin alternerer Susanne Schwarz, Ragnhild Lien og Ingrid Berg Mehus.

Dramatisering og regi: Anne-Karen Hytten Scenografi: Christine Lohre

Lysdesign: Magnus Mikaelen.

12 mai: Klassisk konsert– Seljord kulturskole

26 mai: Stor kor- konsert med Seljord songlag og orkester.


Songar frå 70 talet. ” Vårens gladaste ” eventyr”

Viktig melding frå biblioteket!

Biblioteket er framleis ope kvar torsdag 16,00 til 19,00, fram til 4. juni. Er det bøker du har lyst til å lese, er det berre å spørje. Har me doi ikkje inne, skaffar me dei.

Skal me behalde biblioteket i bygda, må det brukast; lånetalet har gått drastisk ned i vinter. Det går an å låne bøker fleire dagar enn torsdag også. Bruk frivillighetsentralen, dei hjelper til, eller du legg att ein lapp om det du har lånt.

Ellen



Fotpleie

Neste fotpleie 09/05 Ledige timar tlf 35024868

Laurdag 4/7 .

” 24/8

” 31/10

” 19/12

Plan for møte og andre arrangement våren 2009

<u>Namn</u>	<u>Dato</u>	<u>Tid</u>	<u>Stad</u>
Babytreff, HTB	Tysdag 28/4	kl. 13,00	HTB
Frivillighetsentralen			
har tur til Sverige	Torsdag 30/4	kl. 6,30	HTB
Møte turgruppa	Sundag 10/5	kl. 19,30	HTB.
Dugnad ute og inne			
på bygdesentralen	Måndag 11/5	frå kl. 18,00	HTB
Møte pensjonistlag	Tysdag 12/5	kl. 11,00	Betel
Styremøte H.T.B.	Tysdag 12/5	kl. 10,00	HTB
Møte i slåttemarknad	Onsdag 13/5	kl. 19,00	HTB
Tur til Fyribø-vatnet	Sundag 24/5	kl. 11,00	
Styremøte H.T.B.	Tysdag 2/6	kl. 10,00	HTB
Kyrkjekonsert	Sundag 7/6		
Slåttefestival,			
Konsert	Fredag 12/6		
Slåttefestival	Laurdag 13/6		
Møte pensjonistlag	Tysdag 16/6	kl. 11,00	Betel

Bygdeblad!

Bygdebladet kjem ut ein gong i månaden.

Annonsering og annan informasjon til bladet bør koma inn rundt 20. i kvar måned.

Lag og foreiningar bør bli flinkare til å melde inn aktivitetar og annan informasjon, så heile bygda blir meir involvert.

Ved å samle informasjon i eit blad, er det ikkje så lett og gløyme møte og anna vi skal være med på.

For at bygdebladet skal koma ut kvar måned, må det vere nok stoff til bladet.

Me tek imot alt: gratulasjonar, annonser, innlegg med ris og ros, m.m.

Gåve til bygdebladet : kontonr. 26990706955.

På førehand takk!

**Sal av DVDar frå Hjartdalspelet:
du får kjøpt dei på bygdesentralen.**

Kr. 100,00

Sal av T-skjorter!

Fjorårets T-skjorter frå
slåttefestivalen er no til sals for

kr. 50,00

på bygdesentralen



Telemark avløysarlag!



Dugnad på bygdesentralen!

Det vert dugnad på bygdesentralen måndag 11/5 kl. 18,00.

Dette blir ein dugnad rundt bygdesentralen og litt inne.

Ta gjerne med deg litt ute-reiskap.

Det vert også ei kaffi-pause.

Ta kontakt om du har spørsmål rundt dugnaden.

Tlf. 35024868.